

4H-klubb i vekst

I Randaberg 4H er nissefaktoren høg og medlemstalet i vekst.

BV Jane Brit Sande



Fin sveis: Kristina pynta håret til eit juletre. – Eg har gøymt ei stor brusflaske inn i der, avslører ho.

– Her skal alle vere med. Det er plass til alle, sjølv om me er ulike, og saman skal me ha det godt.

Klubbrådgivar Berit Øverland ønsker velkommen til julemøte i Randaberg 4H, på Nord-Jæren. Helsinga er eit fast innslag på samlingane, og ei viktig påminning til medlemmene som saman skal skapa eit trygt fellesskap: Kjerneverdiane i 4H er klart hovud, varmt hjarte, flinke hender, god helse.

Tett program

Det er medlemmene sjølve som bestemmer kva dei skal gjere på møta. I Randaberg 4H treffest dei ein gong i månaden. Årets siste klubbmøte har tettpakka program: pepperkakepynting, kåring av beste julekostyme, julegraut og pakkeleik.

Synne Kleggetveit Amundsen (12) vart vald som styreleiar i haust.

– 4H er ein stad å vere der me gjer mykje gøy som me vel sjølve. Det kjennest litt som å vere med vener, seier ho til Bondevennen.

Tidlegare i år har dei blant anna vore på Vitenfabrikken og overnatta under open himmel i hagen hjå klubbrådgivar Berit.

– Eg håpar me skal vere med på leir eller storkurs neste år, seier Synne.

Ho hadde ikkje høyrte om 4H, før ei venninne fekk med ho og søstera. Synne er ikkje i tvil om kva som skal til for å få med fleire til 4H.

– Eg spør dei berre: Har de lyst å vere med? Det er ein stad der me gjer mykje kjekt saman.

Nissefest: Det var god stemning på Frivillighetens hus på Randaberg denne kvelden. Bakerst, frå venstre: Casper, Gisle, Henrik, Noah, Matheo, Sigrid (delvis skjult) Anna, Synne, Jenny, Kristina. Framme, frå venstre: Sindre, Silas, Jenny, Indi, Synne.





Beste kostyme: Anna (julestjerne) og Sigrid (juletre) stakk av med sigeren for beste kostyme.

– Eg har ikkje fått med meg nokon endå, men eg skal spørje fleire.

Henrik Askvik hadde med seg to kompisar på møtet.

– Eg sa til dei at me har det kjekt, og at dei kunne vere med for å prøva noko nytt. Det er kjekke og inkluderande folk her, seier han.

Nye medlemmer

Randaberg 4H starta opp våren 2022, med klubbrådgivar Berit som primus motor. Ho har årelang erfaring som klubbrådgivar i Utstein 4H, på Mosterøy i Stavanger.

– Eg har fleire barnebarn her på Randaberg, og fire av dei er blitt med i 4H, fortel ho.

Då Bondevennen snakka med ho før møtet, var dei tolv medlemmer i klubben. På julemøtet dukka det opp 15.

– Eg håpar dei kjem att, seier ho, før ho samlar gjengen for avslutninga der dei seier 4H-løftet i kor:

«Me lovar å arbeide mot det mål å bli ein ungdom med klart hovud, varmt hjarte, flinke hender og god helse.»